



Rolf Sandstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/332 - 15/6294

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

03.06.2015

Møte i gruppa med born og unge sine representantar i plansaker - 03.06.2015 - kort referat

Tilstades:

Rita Amundsen, styrar Prestmarka bhg

Rolf Sandstad, rektor Sæbø skule

Kjersti Flatråker, arealplanleggjar

Områdeplan for Bøvågen – kommunal reguleringsplan

Gruppa gjekk gjennom framlegg til områdeplan med fokus på born og unge sine interesser.

Det er gjort barnetråkk-registrering med elevar i frå Hordabø skule der skuleveg, badeplassar, stiar leikeområde, farlege punkt og anna er registert. Dette vart gjort for å kartleggje dei unge sin bruk av området og har gjeve eit godt grunnlag for å vurdere kva område som skal haldast fri for bebyggelse og tiltak. I tillegg gjev det ein informasjon om kva som kan gjerast for å betre kommunikasjonane slik at det vert tryggare å ferdast for mjuke trafikantar.

Innafor heile planområdet har det vore fokus på å halde opne linjer for folk som vil gå eller sykle. Det er lagt inn fortau eller gang- og sykkelveg til alle dei større vegane og som lenkjer mellom.

Det er lagt inn sti rundt Bøtjønnå. Dette vil kunne bli ein god arena for folk i alle aldrer. Vert det lettare å gå vil gjerne fleire komme seg ut på ein tur; folkehelsegevinst.

Bøvågen har eit fint utgangspunkt for fortetting og vekst. Med denne områdeplanen kan det komme mange nye bustadeiningar og det er viktig å halde på gode areal til friluftsliv og leik særleg nær skule og barnehage.

Behov for utviding av skule og barnehage kan skje innafor dei areala dei har i dag ved å byggje i høgda. Uteområdene må bevarast og trafikk og parkering bør liggje utafor. Ny parkering for barnehagen kan avlaste den eksisterande og vil føre til mindre trafikk på Nordbøvegen.

Bøvågen næringspark – privat reguleringsplan

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Næringsparken er nabo til idrettsanlegget på Bø som vert nytta mykje av born og unge. Det er planlagt for at næringsområdet skal nytte same avkjørsle som idrettsanlegget. Ein ser ikkje det som noko problem så lenge trafikken vert «sortert» ved at det finnst definerte areal for bilar og for mjuke trafikantar. Trafikken til næringsarealet vert på tidspunkt då det ikkje er full aktivitet på idrettsanlegget. Det er viktig med gode siktlinjer og fortau.

Takk for møte. Grappa skal få alle relevante plansaker på høyring og vert kalla inn igjen etter behov!

De kan sjølvsgat og ta kontakt for å ta opp aktuelle problemstillingar.

Eg legg ved lenkje til ein fin rettleiar som departementet har utarbeidd om medvirkning:

<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/H-2302-B-Medvirkning-i-planlegging/id764244/>

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rolf Sandstad
Rita V. Amundsen
Tove Linn Øren